



# Fritidsbustadundersøking

---

Vinje kommune 2023

# Innholdsliste

## Oppsummering

### 1. Bakgrunn og respons

- 1.1 Bakgrunn
- 1.2 Introduksjon

### 2. Om respondentane

- 2.1 Respons
- 2.2 Demografi

### 3. Om fritidsbustaden

- 3.1. Fritidbustadområde

### 4. Bruk av fritidsbustaden

- 4.1. Vinje heile året
- 4.2 Brukarar og bruksfrekvens
- 4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

### 5. Utleige av fritidsbustaden

- 5.1. Utleige av fritidsbustaden

### 6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

- 6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Vest-Telemark

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Vinje kommune?

6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

6.4. Aktivitetar og opplevingar

6.5. Utnytting av aktivitetstilbod

### 7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet

7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

### 8. Deltaking i lokalsamfunnet

8.1. Lokalt engasjement

8.2 Innkjøp i samband med opphald i fritidsbustaden

## 9. Berekraft på reisemålet

- 9.1. Vinje kommune som berekraftig reisemål
- 9.2. Energisparing i fritidsbustaden
- 9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

## 10. Den samla opplevinga av reisemålet

- 10.1. Den samla opplevinga av Vinje kommune som reisemål
- 10.1. Den samla oppleving av Vinje kommune som reisemål

# Oppsummering

Rapporten gjev innsikt i fritidsbustadeigarar i **Vinje kommune** sine haldningar og meiningar om Vinje kommune som reisemål. Her er dei viktigaste funna:

## 1. Deltaking og mangfald:

- Rapporten inkluderer svar frå 19% av alle eigarar av fritidsbustader i Vinje kommune, basert på ei undersøking med 1104 respondentar.
- Det er ein god representasjon av både kjønn og aldersgrupper, med 56% menn og 43% kvinner. Dei fleste respondentane er i alderen 50-59 år (34,5%).
- Fritidsbustadeigaren i området Rauland er den mest aktive respondenten.

## 2. Bruk og sesong:

- 82% av respondentane seier dei brukar fritidsbustaden heile året, og vinteren er ei populær tid for bruk, spesielt desember til mars og i påska.
- Områda i Vinje kommune er godt tilrettelagde for vinteraktivitetar som alpint og langrenn.

## 3. Framtidig bruk:

- 65% av respondentane forventar å bruke fritidsbustaden på same måte i framtida, medan 23% planlegg å bruke den meir.
- 10% forventar å bruke den mindre, med hovudårsakar som auka straumprisar (81%) og generelle aukande kostnader (40%).

## 4. Årsaker til å eige:

- Hovudgrunnen til eigarskap er å vere i naturen (90-97% av

respondentane). Andre viktige faktorar inkluderer passende avstand frå heimen (73%) og eit godt aktivitetstilbod (56%).

- 73% meiner skianlegga er ein svært eller ganske relevant årsak til å eige ein fritidsbustad i Vinje kommune.

## 5. Aktivitetar og tilrettelegging:

- Aktivitetar som langrenn (90%) er meir populære enn alpint (60%) og toppturar (50%).
- 90% føretrekkjer å gå på tur på eiga hand.
- 79% meiner det er svært viktig å vere i naturen.
- Mange er nøgde med tilrettelegging for avfallshandtering, breiband og mobildekning, men andre aspekt som informasjonstavler og turstiar får meir varierte svar.

## 6. Haldningar til fritidsbustader og berekraft:

- 44% meiner det er for mange fritidsbustader i Vinje kommune, medan 66% meiner det bør vere strengare krav til bygging i fjellområda.
- 65% meiner Vinje kommune er eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv, og lokalbefolkning.
- Interesse for å gjere energisparande tiltak er stor (71%), med bruk av LED-pærer og redusert innetemperatur som dei mest populære tiltaka.
- 46% brukar elektrisk bil, men kollektivtransport er lite brukt på grunn av manglande tilgjenge (63%).

## 7. Oppleving av reisemålet:

- På ein skala frå 0-10 har 32% vurdert den samla opplevinga i Vinje kommune med 9-10 poeng, 49% har gitt 7-8 og 18% 0-6.



# 1. Bakgrunn og respons

---



# 1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultatene fra ei spørjeundersøking utført blant eigarar av fritidsbustader i Vinje kommune.

Vinje kommunen er den fjerde største, både i innbyggjartal og areal, av dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark i Vestfold og Telemark fylke. Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden februar-april 2023.

Undersøkinga er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisere seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for fyrste gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit verktøy for reisemål som ynskjer å arbeide systematisk og langsiktig med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er prosjekteigarar av prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Kommunen var hjulpsam med oversikt over hyttevelforeiningar. Hyttevelforeiningane har vore med å dele undersøkinga via nyheits- og informasjonsbrev. Facebook-grupper retta mot fritidsinnbyggjarar i ulike fritidsbustadområder blei også i stor grad nytta.

Totalt har over 1100 respondentar svara på dei 39 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 5824 fritidsbustader i Vinje kommune<sup>1</sup>. Det vil seie at omlag 19% av fritidsinnbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga.

Vinje kommune er den største fritidsbustadkommunen i Vest-Telemark og den fjerde største fritidsbustadkommunen i Noreg.<sup>2</sup> 41% av alle fritidsbustader i Vest-Telemark ligg i Vinje kommune.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svare på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Vinje kommune og i Vest-Telemark.

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).

**Me vil rette ein stor takk til alle fritidsinnbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.**


## 1.2 Introduksjon

Turismen knytt til fritidsbustader er stor og viktig i Vinje kommune.

Vinje kommunen er den fjerde største fritidsbustadkommunen i Noreg.

Kommunen har 5824 fritidsbustader. Det er 34% fleire fritidsbustader i kommunen enn for ti år sidan.<sup>3</sup>

Vinje kommune har i hovudsak tre område med fritidsbustader: Rauland, Haukeli/Vågslid og Øyfjell. Områda er forskjellige når det gjeld tal fritidsbustader, tettleik av fritidsbustader, aktivitetstilbod og anna. Dette er ein rapport for Vinje kommune som samla reisemål, men enkelte spørsmål viser svara fordelt på kvart område.



Figur 1: Kommunane i Noreg med flest fritidsbygg (SSB)

	Innbyggjarar	Fritidsbustader			
	<b>2023</b>	2012	<b>2023</b>	Endring i tal frå 2012-2023	Fritids-bustader pr. innbyggjar
<b>Vinje</b>	<b>3858</b>	<b>4343</b>	<b>5824</b>	<b>34%</b>	<b>1,51</b>

Tabell 1: Utvikling i tal feriebusstader i Vinje kommune i perioden 2012-2023 (SSB)

<sup>3</sup> Tal frå SSB 2023



## 2. Om respondentane

---



## 2.1 Respons

Totalt 1104 respondentar opna og fullførte undersøkinga. Av totalt 5824 fritidsbustader i Vinje kommune utgjer dette om lag 19% av alle eigarar av fritidsbustader i Vinje kommune.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall<sup>4</sup> på 95% får me ein feilmargen på 3%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 58% og 62% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.

<sup>4</sup>Les meir om konfidensintervall her: <https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>

## 2.2 Demografi

Svara viser at det er ei god fordeling mellom kjønna og mellom aldersgruppene. Det er eit godt mangfald av respondentar:

### Kjønn:


- 56% av respondentane er menn
- 43% er kvinner

### Alder:


- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 50-59 år. Dei utgjer ein del på 34,5%
- 27,9% er i aldersgruppa 40-49 år
- 21,3% i aldersgruppa 60-69 år

### Bustad:

- 28,8% av respondentane er frå tidlegare Telemark fylke
- 20,1% er frå Rogaland
- 17,1% er frå tidlegare Vestfold fylke
- 9,3% er frå tidlegare Akershus fylke
- 6,3% er frå Agder fylke
- 5,9% er frå Oslo fylke
- 5,0% er frå tidlegare Buskerud fylke
- 4,8% er frå Vestland fylke
- 2,2% er frå tidlegare Østfold fylke



Figur 2: Kva fylke bur du i? (N = 986)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 1103)

### 3. Om fritidsbustaden

---



### 3.1. Fritidbustadområde

Undersøkinga er lagt opp slik at det berre er dei som eig fritidsbustad i ein av kommunane i Vest-Telemark som har høve til å svare.


Nærmare 58% av alle svara som blei henta inn i Vest-Telemark kjem frå Vinje kommune. Grunnen til den store oppslutninga i Vinje kommune er truleg at det er fleire store område med fritidsbustader i kommunen. Dei fleste områda er organiserte i hyttevelforeiningar. Kommunen har god oversikt over alle hyttevelforeiningane. Oversikten som Vinje kommune delte gjorde det enklare å nå ut til velforeiningane og be om hjelp til å distribuera undersøkinga vidare til sine medlemmar.

I Vinje kommune er det stader med større tal og tettleik av fritidsbustader. Dei største områda er (i minkande rekkjefølge):

- Rauland
- Haukeli/Vågslid
- Øyfjell

815 respondentar eig fritidsbustad på Rauland, 211 på Haukeli og 56 i Øyfjell.

Andre stader som respondentane har fritidsbustad er t.d.: Grungedal, Drivarbekkdalen, Edland og Kostveit.



Figur 4: Kvar i Vinje kommune har du fritidsbustad? (N = 1102)



## 4. Bruk av fritidsbustaden

---




## 4.1. Vinje heile året

På spørsmål om kva tider/periodar av året fritidsbustaden blir brukt, svarer 82% at dei bruker fritidsbustaden heile året.

Kommunen Vinje har noko å tilbyde fritidsinnbyggjaren til alle årstider. Svara viser at det er større vekt på bruken i vinterhalvåret. Vintersesongen, desember til mars, og påska er tider på året der fritidsbustaden blir mykje nytta.

Dei fleste områder med fritidsbustader i Vinje er godt tilrettelagde for vinteraktivitetar. På Rauland og Haukeli er det alpinanlegg. I tillegg har Rauland, Haukeli og Øyfjell godt tilrettelagde langrennsløyper.




Figur 5: Kva for tider/periodar i året bruker du fritidsbustaden din? (N=1103)

## 4.2 Brukarar og bruksfrekvens


I samsvar med at fritidsbustaden blir brukt heile året, svarer nærare 38% at fritidsbustaden blir brukt meir enn 50 dagar i året.

Fritidsbustaden blir stort sett brukt av vaksne. 41% svarer at dei som oftast er 2 vaksne i fritidsbustaden, medan 26% svarer at dei er 4 vaksne.

Det er 18% som har med seg eit barn, 34% som har med 2 barn, og 14% som har med seg 3 barn i fritidsbustaden.



Figur 6: Kor mange personar nyttar fritidsbustaden når den er i bruk? (Tal barn og tal vaksne) (N=1099)



Figur 7: Kor mange døgn i året trur du at fritidsbustaden er i bruk? (N= 1100)


## 4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Auka kostnader ser ikkje ut til å påverke den framtidige bruken til eigarar av fritidsbustad i Vinje kommune. 65% svarer at dei ser føre seg same bruk av fritidsbustaden som i dag, medan 23% ser føre seg ein auka bruk av fritidsbustaden i tida framover.

114 respondentar svarta at dei ser føre seg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida. Dette utgjer om lag 10% av alle som svarta på spørsmålet.



Foto: Visit Rauland




Figur 8: Korleis ser du føre deg at bruken av fritidsbustaden din blir i framtida? (N =1098)


## 4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

81% av fritidsinnbyggjarane som ser føre seg *mindre* bruk av fritidsbustaden i framtida, oppgjev at auka straumprisar er årsak til mindre bruk. 40% oppgjev at grunnen er auka kostnader generelt. 31% eller 35 respondentar meiner at årsaka til mindre bruk av fritidsbustaden er eit for dårleg aktivitetstilbodet i området.

Hovudårsaka til auka bruk av fritidsbustaden er at fleire blir pensjonistar og har betre tid til å opphalde seg der. 54% oppgjev pensjonisttilvære som årsak til auka bruk. Nærmare 40% har ein fleksibel arbeidssituasjon som legg til rette for heimekontor og bidreg til fleire og lengre opphald i fritidsbustaden. 38% har born som veks til og flytter heimanfrå. Det medverkar til auka bruk av fritidsbustaden.



Figur 9: Kva er grunnen til at du ser for deg auka bruk av fritidsbustaden i framtida? (N = 256)



Figur 10: Kva er grunnen til at du ser for deg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida? (N = 113)



## 5. Utleige av fritidsbustaden


---

## 5.1. Utleige av fritidsbustaden


Det er mange formidlingsbyrå kor eigarar av fritidsbustader kan leige ut fritidsbustaden sin. Nokon av dei store er Booking.com, AirBnB, Novasol og Finn.no. Det finst også lokale utleigefirma. I Vinje er Rauland Feriesenter og Haukelifjell booking gode døme på aktørar som hjelper eigarar av fritidsbustad med utleige i periodar der eigar sjølv ikkje nyttar fritidsbustaden.

I Vinje kommune er det 133 (12,2%) av dei 1090 som svara på spørsmålet som leiger ut fritidsbustaden sin heile eller delar av året.


26% kan tenkje seg å leige ut om inntekta er mellom kr. 10 000,- og 200 000,- i året. 67% kan ikkje tenke seg å leige ut uavhengig av inntekt.



Figur 11 Leiger du ut fritidsbustaden din? (N=1090)



Figur 12 Kan du tenke deg å leige ut fritidsbustaden din dersom du får ei leigeinntekt på: (N=929)



Figur 13 På kva måte leiger du ut fritidsbustaden din? (N=131)



## 6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

---




## 6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Vinje kommune

Det er naturen og turområda i Vinje, sommar og vinter, som er viktigaste grunn for å eige fritidsbustad i regionen. Det oppgjev 90-97% av dei som har svara på undersøkinga. Andre viktige årsaker er at det er passe avstand heimanfrå (73%) og eit godt aktivitetstilbod (56%).

Nærmare 73% meiner at skianlegget er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Vinje kommune.

34% meiner at kulturtilbodet i Vinje er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i kommunen.

Å ha slekt/røter i regionen, eller å ha arva fritidsbustad, er mindre relevante årsaker for å eige fritidsbustad i Vinje kommune. Mellom 71-76% svarar at slekt og arv er ein svært lite relevante grunn til å eige fritidsbustad i Vinje.




Figur 14 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Vinje kommune? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=1092)

Om ein ser nærmare på dei ulike områda med fritidsbustader i Vinje kommune, ser ein at det er variasjon mellom Rauland, Haukeli og Øyfjell i årsakene for å eige fritidsbustad.

44%-50% a respondentane i Rauland og Haukeli meiner at skianlegget er ei svært relevant årsak for å eige fritidsbustad i Vinje kommune, medan 9% av respondentane med fritidsbustad i Øyfjell meiner at skianlegget er ei svært relevant årsak.

Å ha slekt/røter i regionen, eller å ha arva fritidsbustad, er mindre relevante for respondentar på Rauland og Haukeli enn for dei som eig fritidsbustad på Øyfjell. 72%-76% på Rauland og Haukeli svarar at slekt og arv er ein svært lite relevante grunn til å eige fritidsbustad i Vinje. På Øyfjell meiner 46% at det er svært lite relevant og 38,5% at det er ein svært eller ganske relevant årsak til å eige fritidsbustad i Vinje.



Figur 15 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Vinje kommune? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=1070, Rauland N = 792, Haukeli N = 203, Øyfjell N = 54)

## 6.2. Er det andre viktige grunner til at du har fritidsbustad i Vinje kommune?

- utvalde sitat frå opne spørsmål

«Viktigste grunnen er skimulighetene og flott natur!!»

«Rauland kjennes ekte og er ikke en feststripe med puber og barer.»

«Kjøpte med utgangspunkt i naturforhold, men er svært skuffet over voldsom utbygging og fravær av destinasjonsutvikling.»

«Fin natur, flott skiterreng og flott turterreng om sommeren»

«Fantastisk sted som er snøsikkert og ikke minst stabilt vær.»

«Nærhet til store uberørte område som Hardangervidda og Bykleheiane»

«Den ene i husstanden kommer derfra, men vi synes Vinje er lite vennlige overfor hyttefolk.»

«Raulandsfjell alpiner, som dessverre er konkurs.»



Foto: Visit Haukeli




Figur 16: Er det andre viktige grunner til at du har fritidsbustad i Vinje kommune? (N = 275)

### 6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

Av dei rundt 1096 svara på spørsmål om kva som er viktige årsaker til at fritidsbustaden blir brukt, svarer 96% at hovudårsaka er det å vere aktiv i naturen på vinteren. Av dei meiner heile 77.6% som svarer at det er *svært viktig* å vere aktiv i naturen på vinterstid.

Det er nesten like viktig å vere aktiv i naturen på sommaren, nyte roa og vere saman med familie og vener, oppgjev 90% av respondentane.

61,8% svarer at organiserte aktivitetar er ein ganske eller svært lite viktig årsak til at fritidsbustaden blir brukt. Det å oppleve kulturen i Vinje kommune gjennom lokalmatopplevingar og museumsbesøk meiner 38% er ein ganske eller svært viktig årsak.




Figur 17: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1096) (Fleirval)

Om ein ser nærmare på dei ulike områda med fritidsbustader i Vinje kommune, ser ein at svara varierer noko mellom områda Rauland, Haukeli og Øyfjell.

Til dømes er det å oppleve kulturen i Vinje gjennom lokalmatopplevingar, museumsbesøk o.l. (etikett 6) viktigare for respondentane på Øyfjell og Rauland enn det er for dei på Haukeli.

Det å delta på festivalar/arrangement (etikett 5) er viktigare for respondentar på Rauland enn på Haukeli og Øyfjell.



Etikett	Navn
1	Vere aktiv i naturen, sommar (fotturar, sykkel, fiske o.l.)
2	Vere aktiv i naturen, vinter (alpint, langrenn, topptur, fjellski o.l.)
3	Delta på organiserte aktivitetar (guida turar, vassport m.m.)
4	Vere saman med familie/vener
5	Delta på festivalar/arrangement
6	Opplive kulturen i Vinje kommune gjennom lokalmat, museumsbesøk o.l.
7	Nyte roa
8	Nytte som heimekontor

Figur 18: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden?  
5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1096) (Fleirval)

Det å oppleve kulturen i Vinje kommune gjennom lokalmatopplevelingar, museumsbesøk o.l. er viktigare for respondentane på Øyfjell og Rauland enn det er for dei på Haukeli.

47% på Øyfjell, 40% på Rauland svarer at det er svært eller ganske viktig å oppleve kulturen i Vinje gjennom lokalmatopplevelingar, museumsbesøk o.l. På Haukeli svarar 28% det same.




Foto: Visit Rauland

Figur 19: Kor viktig er det å oppleve kulturen i Vinje gjennom lokalmat, museumsbesøk o.l.? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1048)

## 6.4. Aktivitetar og opplevingar


Det viktigaste for fritidsbustadeigaren i Vinje kommune er å vere i naturen. 79% meiner det er ein *svært* viktig aktivitet. 19% meiner det er *ganske* viktig.

Langrenn om vinteren er meir populært (90%) enn alpint (60%) og topptur/fjellski (50%).

Nærare 90% svarer at det å gå på tur på eiga hand er ein viktig aktivitet, medan over 70% meiner at det å skulle gå med guide er ganske eller svært lite viktig.



Foto: Visit Haukeli




Figur 20: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Vinje kommune?  
5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1095)

Ser me nærmare på dei ulike områda med fritidsbustader i Vinje kommune, ser me nokre variasjonar i kva respondentane opplever som viktige aktivitetar.

Alpint (etikett 3) er *svært viktig* for 37,6% av respondentane på Rauland, 32,2% for dei på Haukeli og 3,7% for dei på Øyfjell

Fiske (etikett 9) er *svært viktig* for 25,9% av respondentane på Øyfjell, 10,6% for dei på Rauland og 6,4% for dei på Haukeli.




Etikett	Navn
1	Å vere i naturen
2	Langrenn
3	Alpint
4	Fjellski/topptur vinter
5	Vandretur/fjelltur utan guide
6	Vandretur/fjelltur med guide
7	Sykkel på veg/landeveg
8	Sykkel på sti/i terreng
9	Fiske
10	Vassport
11	Båttur
12	Historiske bygningar/stader/museum
13	Lokale matopplevingar
14	Festival/arrangement
15	Shopping

Figur 21: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Vest-Telemark? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=1865)



Foto: Visit Haukeli



Figur 22: Kva skal til for at du bruker fleire aktivitetstilbud i Vinje kommune (N = 998)

## 6.5 Utnytting av aktivitetstilbud

På spørsmål om kva som skal til for at fleire aktivitetstilbud blir nytta i Vinje kommune, svarer 52% at betre tilbud er ein viktig faktor. 49% meiner at informasjonen kunne vore betre. 10,5% svarer «Anna» og har kome med kommentarar som:

*«Det er vanskelig å finne aktiviteter på nett. F.eks. turer i området eller steder verdt et besøk. Arrangementer er også vanskelig å finne.»*

*«At utleieplikten i Vinje Kommune oppheves slik at familien kan få brukt hytta.»*

*«Ønsker bare fred og avslapping på hytta.»*

*«Med noe mere nedfarter/heiser blir alpindestinasjonen mer attraktiv (lengde på bakker).»*

*«Trenger ikke flere tilbud.»*

*«Drar i utgangspunktet ikke på hytta for å bli aktivisert av andre. Men, ved økt bruk og lengre opphold vil nok noen arrangementer kunne være aktuelle å delta på.»*

*«Våglid trenger fler tilbud/bedre organisering.»*

*«Bedre informasjon og fornyelse av f.eks. utstillinger.»*

*«At man føler seg mere velkommen i bygda»*




## 7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde

---



## 7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren



Figur 23: Kor nøgd er du med tilrettelegginga for deg som eigar av fritidsbustad i Vest-Telemark? 5 = Svært nøgd, 1 = Svært misnøgd, 6 = veit ikkje/ikkje relevant (N = 1100)

På spørsmål om kor nøgd fritidsinnbyggjaren er med tilrettelegginga av tilbod og tenester knytt til fritidsbustaden svarer:

- 83,5% at dei er ganske/svært nøgd med avstand til avfallsorteringspunkt.
- 58.7% er ganske/svært nøgd med informasjon om korleis avfall skal handterast.
- 62% er ganske/svært nøgd med høve for kjeldesortering i fritidsbustaden.
- 69,4% er ganske/svært nøgd med breiband og mobildekninga.
- Omlag 52-55% er ganske/svært nøgd med informasjonstavler og tilrettelegging av turstiar, parkeringstilbod og lokalmattilbod.
- Opningstider på miljøstasjon og ladestasjonar for el-bil seier 55%-60% at dei er nøytrale til, eller ikkje ser spørsmålet som relevant i sitt tilfelle.

På dei resterande fire spørsmåla svarer fleire enn 70% at dei er nøytrale eller at dei ikkje ser på spørsmåla som relevante i sitt tilfelle.

## 7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet


På spørsmål om kor einig eller ueinig respondentane er i påstandar knytt til fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet, kan spørsmåla delast inn i fire forskjellige tema. Kvart tema blir omtala i meir detalj på dei komande sidene:

7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen.

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren bruker/besøker.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv.


7.2.4 Omfang av fritidsbustader.




Figur 24: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 = Svært einig, 1 = Svært ueinig (N = 1100)

## 7.2.1 Opplevinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen


- Rauland: 37,2% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rette for fritidsinnbyggjarane. 32,8% er ganske eller svært ueinige.
- Haukeli: 22,4% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rett for fritidsinnbyggjarane. 38,5% er ganske eller svært ueinige.
- Øyfjell: 62,5% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rett for fritidsinnbyggjarane. 12,5% er ganske eller svært ueinige.




Figur 25: Eg opplever at kommunen er oppteken av å leggje til rette for oss fritidsinnbyggjarar. (N=1079)




Figur 26: Det opplever at befolkninga i Vinje kommune er positive til oss fritidsinnbyggjarar (N=1102)



Figur 27: Eg opplever at dei som arbeider i servicebedrifter i Vinje kommune er serviceinnstilte, imøtekomande og har god lokal kunnskap. (N=1079)



Figur 28: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=11077)




Figur 29: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker viser miljøansvar (N=1098)

## 7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av


- 73,2% er svært eller ganske einige i at dei som arbeider i servicebedrifter i Vinje kommune er serviceinnstilte.
- 38,2% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedrifter dei nyttar er miljøsertifiserte.
- 67,7% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedriftene viser miljøansvar.

### 7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

- 23,1% er einig i at dei får god informasjon om omsynet til villrein. 42,6% er ueinige.
- 35,7 % er einige i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur. 26,3% er ueinige.




Figur 30: Eg får god informasjon om villrein og kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad bør ta til villreinen. (N=1100)




Figur 31: Eg får god informasjon om kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad må ta for å medverke til sikkerheit og vern av natur og kultur. (N=1096)

## 7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

- 30,8% av 1101 respondentar er nøytrale til om det er for mange fritidsbustader i Vinje kommune. 44,2% er svært eller ganske einig i at det er for mange fritidsbustader i kommunen.
- 17,7% av 1102 respondentar er nøytrale til at det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda. 66,7% er svært eller ganske einige i at det bør stillast strengare krav.



Figur 32: Eg tykkjer det er for mange fritidsbustader i Vinje kommune (N=1101)



Figur 33: Det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda (N =1102)



## 8. Deltaking i lokalsamfunnet


---



## 8.1. Lokalt engasjement

Det er ikkje særleg aktuelt for fritidsinnbyggjarane å involvere seg i lokalsamfunnet utover det dei gjer i dag. 1100 respondentar gjev følgjande svar:

- 847 svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å flytte til fritidsbustaden sin.
- 843 svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å selje tenester i lokalsamfunnet der fritidsbustaden ligg.
- 936 svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å nytte tilbod om kontorplass i nærleiken av fritidsbustaden.
- 694 svarer at det er ganske/svært lite aktuelt å engasjere seg meir i frivilligarbeid.



Figur 34: Kor aktuelt er følgjande for deg? 5 = Svært aktuelt, 1 = Svært lite aktuelt (N = 1100)


## 8.2 Innkjøp i samband med opphald i fritidsbustaden

Kvar blir daglegvarer kjøpt på veg til fritidsbustaden?


Ved helgeoppald svarer:

- 37.6% handlar undervegs i annan kommune enn der fritidsbustaden ligg
- 30,6% handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg
- 30.4% handlar heime før dei reiser

Ved lengre opphald svarer 83.7% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg.



Figur 35: Ved lengre opphald (N =1097)




Figur 36: Ved helgeoppald (N = 1096)



## 9. Berekraft på reisemålet

---





Figur 37: I kva grad er du einig i utsegna: Vinje kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning (N = 1102)

## 9.1. Vinje kommune som berekraftig reisemål

I kva grad er du einig eller ueinig i utsegna: Vinje kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning?

Dette spørsmålet gjev oss eit innblikk i korleis reisemålet framstår for gjestane (i snitt).


- 64,8% svarer at dei er svært eller litt einig i utsegna.
- 21,6% er nøytrale til utsegna.
- 13,6% er litt eller svært ueinige i utsegna.

## 9.2. Energisparing i fritidsbustaden


71,1% av fritidsinnbyggjarane er interessert å gjere energisparande tiltak.

Dei mest brukte tiltaka for å redusere energibruken i fritidsbustaden er:

- Bruk av sparepærer/LED-pærer (77,8%)
- Reduksjon av innnetemperaturen (75,5%)
- Bruk av smarte løysingar og installasjon av el-billadar er det omlag 41,7% som har fått på plass.



Figur 38: Er du interessert i å gjere energisparande tiltak og/eller andre miljøtiltak (N = 1098)




Figur 39: Kva for energisparande tiltak er gjort i fritidsbustaden din? (N = 1087)

### 9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

Spørsmålet om kva transportmiddel som blir bruka for å reise til hytta var eit fleirvals spørsmål. Dermed svarer over 100% at dei bruker privatbil. 66.5% bruker bil som er hybrid eller går på bensin eller diesel. 46,3% bruker elektrisk bil.

62,8% kan ikkje sjå at det er mogleg å koma seg til fritidsbustaden med kollektivtransport i Vinje kommune.

25,5% svarer at dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det finnst transportløyningar som gjer at ein kjem frå hytta og til butikken eller andre stader ein treng/ønskjer. 13-14% trur dei i større grad vil nytte kollektivtransport om rutene var lagt betre til rette og det var hyppigare avgangar.



Figur 40: Kva hovudtransportmiddel nyttar du når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=1103)



Figur 41: Kva skal til for at du i større grad nyttar kollektivtransport når du reiser til fritidsbustaden din? (N=1094)



# 10. Den samla opplevinga av reisemålet

---




## 10.1. Den samla opplevinga av Vinje kommune som reisemål

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Vinje kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 58% er svært/ganske ueinige i utsegna
- 15% er svært/ganske einige i utsegna




Figur 42: I kva grad er du einig i utsegna: Vinje kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der. (N=1103)

## 10.1. Den samla opplevinga av Vinje kommune som reisemål

Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Vinje kommune? Her er 32% nøgde og har gitt ei vurdering mellom 9-10, 49% er meir nøytrale og har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan 18% er mindre nøgde og har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 43: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Vinje kommune som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd). (N=1103)